



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juli og august 2017.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang 53



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Sverre Jarl Ulstein
Visepres:	Vegard Gjerde
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Eileen Hareide Brandal
Styremedlem:	Bjørn Teigene
Styremedlem:	Knut Strømsjordet
Ansv.red.:	Vigdis Riise
Referent:	Vigdis Riise

## Sumarkvelden

Velkomen atter hit til vaara Grender,  
velkommen her, du sæle Sumarkveld,  
med Lauv og Gras ut yver alla Strender  
og gule Blomar i den grøne Feld,  
med lette Smaasky, lagd i langa Render  
som Traadar i det høge Himmel-Tjeld,  
og med den milde Ljosken, som seg breider  
ut yver Fjell og Fjord paa alla Leider.

Her er so ljos ein Lit paa alle Grunnar  
for ljos til Natt og mesta dim til Dag.  
Dei stille Votni standa blaa som Brunnar,  
og Fossar syna seg i kvite Drag.  
Det myrkjer i dei tette Holt og Runnar;  
det ljoskar i dei blakke Bygdalag.  
Den ljose Himmel speglar seg i Sjoen  
og blikar mildt i Doggi yver Moen.

Her glytter Ljos igjenom tusund Gluggar  
imillom Lauvet i den tette Lund.  
Inn under Bjørkom standa ljose Skuggar  
rett som ein Flekk um Roti, lett og rund.  
Det gustar ingen Vind, som Toppen ruggar,  
i denne kvildarrike Nattarstund.  
Den snøgge Fuglen kurer trøytt av Dagen,  
og rosutt Fivrel'd roar seg i Hagen.

Den sidste Sol-Blenk er i Havet sokken,  
den første kjem snart or den laage Grop;  
ein Dag er tendrad, fyrr en hin er slokken,  
og Kveld og Morgen renna heilt i Hop.  
Snart vaknar upp den kvilde Fugleflokk  
og helsar Morganen med Glede-Rop.  
So riser Soli til den lange Svingen  
og set ein annan Lit paa heile Kringen.

Kom, lat oss nøyta Tidi, som ho skrider,  
og minnast, at ho skrider ofsa fort.  
Med kvar ein Dag, med kvar ein Kveld, som lider,  
eit Stig mot myrke Vetteren er gjort.  
Det kjem ein Dag, daa kvar ein Blom, som bider,  
er fallen av; og slikeit eit Fall er stort.  
Di skal eg sjaa paa Blomen, fyrr han blaknar,  
og nøyta Sumar'n, fyrr eg honom saknar.

Ivar Aasen

## **Referat frå Rotarymøte 7. august 2017.**

Nyepresidenten Sverre Ulstein åpna møtet og vi song « Mellom bakkar og Berg».

Det var ikkje oppsett eige program denne kvelden, men presidenten orienterte oss om sommarcampen vi skal ha saman med Rotaryklubbane i Ulstein og Herøy. Campen vert frå 16.august til 24. august.

Vi skal hente 10 ungdomar på BJORLI som skal bu på SUF – Sunnmøre Folkehøgskule i Ulsteinvik. Vi skal køyre dei rundt tirsdag 22. og torsdag 24. og presente kommunen og bedriftene og andre kjekke ting.

Elles gjekk praten rundt borda om ferieopplevelingar m.m

## **Referat frå Rotarymøte 14. august 2017.**

President Sverre Jarl opna møtet og vi song «De nære ting».

Møtet vart elle nytta til Presidenten sin presentasjon av Syftemåla han har for dette rotaryåret vi no er inne i.

Auke medlemstalet til minst 40 medlemer.

Godt oppmøte med dødt program på møta.

Rotarystien: 4 stk. Dugnader.

Intercitymøter.

Sosial tur f.eks til Loen.

Gjennomføring av sommarcampen saman med Ulstein og Herøy-

Støtte og oppstart av utbetringsprosjektet « Mama Clara» i Peru.

Støtte Rotary Foundation med USD 1.000,-.

Dette er mål som bør vere oppnåelege.

Etter dette fekk vi ein liten presentasjon/Reisebrev frå Island ved Presidenten og Vegard Gjerde som har vore på biltur rundt på Island.

Tida vart litt knapp, så vi kan gle oss til framhaldet av bilturen.

.

## **Referat frå Rotarymøte 22. august 2017.**

Dette møtet vart halde på Ishavsmuseet i Brandal saman med deltakarane på sommarcampen.

Det vart servert kvit bacalao med focacciabrød som var heilt bnydeleg, og ungdomane såg ut til å like maten og omgjevnadane i museet.

Sverre Bjåstad og Vegard Gjerde hadde køyrt dei rundt denne dagen både til Kvitneset og Overåsanden der nokre av dei hadde bada i sjøen!!

Vi fekk ein presentasjon av dei og dei kom frå : Taiwan – India – Tyrkia – Israel- Kroatia – Slovenia – Slovakia – Tjekkia – Ungarn – og Russland.

Elles gjekk praten rundt borda om laust og fast og opplevingane ungdomane hadde hatt.





## **Rotartymøtet 28. august 2017**

Opna med song som vanleg og President Sverre Jarl gratulerte Arne Gunnar og Vegard som fyller 70 år no i august.

Han ville også gi ein blome til Magnar Hatlø for innsatsen han har gjort i høve campen og avviklinga av denne.

Elles programfritt med vafler og kaffi med prat rundt borda.